

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 17/4179-18

Val av revisor til Vestland fylkeskommune – plan for anbudsprosess

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek framlagd plan for anbudsprosess for val av revisor til Vestland fylkeskommune til vitande

Vedlegg:

- Plan for anbudsprosess – val av revisor for Vestland fylkeskommune

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fellesnemnda handsama val av revisjonsordning 21. september 2018 i sak 34/18. Fellesnemnda gjorde slikt vedtak:

Vestland fylkeskommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden.

- *Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av revisjonstenester med verknad frå 01.01.2020.*
- *Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.*

2. Vurderingar

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok 25. september i KU-sak 44/18 følgjande:

Som følgje av vedtaket i fellesnemnda 21. september i sak 34/18 ber kontrollutvalet kontrollsjefen om å, i lag med sekretariatet i Hordaland fylkeskommune, legge fram ein plan for anbudsprosess vedr. val av revisor for den nye fylkeskommunen.

Kontrollsjefen har hatt kontakt med sekretariatet i Hordaland fylkeskommune vedrørende denne saka, og dei to sekretariata har blitt samde om utkast til plan for val av revisor. Utkastet er

vedlagt saka. Med å følgje denne planen vil vi få på plass revisor for den nye fylkeskommunen i god tid før utgangen av 2019.

Kontrollutvala kjem til å vere involvert i saka i tida framover og gjennom store deler av 2019. Det er kontrollutvala som skal legge fram tilråding til fellesnemnda om val av revisor.

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune vil få ei tilsvarande sak til handsaming 17. desember 2018.

Planen kan bli endra, dersom det kjem ny informasjon som gjer det føremålstenleg med endring av planen.